

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 06.12.2018

SAKLISTE

074/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
075/18	Godkjenning av møtebok
076/18	Delegasjonssaker
077/18	Skriv og meldingar
078/18	Godkjenning av mandat for ROS (heilskapeleg risiko- og sårbarheits) analyse i Gulen kommune
079/18	Høyringsuttale frå Gulen kommune. Plan for kyrkja i Gulen
080/18	Oppstart av hovudprosjekt. Behov for auka løyving til avlaupssanering samt gang- og sykkelveg Nesevågen, Byrknes
081/18	Hovudprosjekt bygging av nytt vassbehandlingsanlegg samt overtaking av Ånneland vassverk
082/18	Furnes. Søknad om tilskot til utbygging av samfunnsnyttig infrastruktur
083/18	Eivindvik Idrettslag. Søknad om kommunalt tilskot
084/18	Eivindvik Idrettslag. Søknad om kommunalt tilskot og forskottering av mva-refusjon
085/18	Oppedal/Brekke skyttarlag. Kommunal forskottering av spelemidlar og søknad om kommunalt tilskot
086/18	Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 - 2022
087/18	Høyringsuttale. ARISE Dynamic Rig Supply AS søker om løyve etter forureiningslova
088/18	Regulering av investeringsbudsjett 2018
089/18	Forskrift om gebyr, avgifter, husleige osv. 2019
090/18	Budsjett for 2019 med revidert handlings- og økonomiplan 2019-22

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på heimesida:

www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Gulen kommune vil ynskje alle ei God Jul og eit Godt Nytt År



Kunngjeringar

Budsjett 2019 med revidert handlings- og økonomiplan 2019-2022

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osv. 2019

Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2019 – 2022

Framlegg til desse sakene ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida. Fram til og med **05.12.2018** er det høve til å kome med merknader til sakene. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

Helsing frå ordføraren

Vi er no i gang med eit skikkeleg løft i fiberutbygginga i Gulen. I den samanheng har det vore stilt spørsmål om kommunen si handtering av kven som skulle prioriterast, og også meiningar om at kommunen kom seint i gang med satsing på fiber. Eg vil her komme inn på korleis prosessen har vore.



I 2015 hadde vi oppe ei sak om søknad av midlar til å bygge fiber i Gulen. Eit samla kommunestyre gjekk inn for at vi skulle prioritere Dingja og Nordgulen/Haveland for der var det ikkje mobildekning, og vi ville prioritere det før vi gjekk på ein søknad om fiber.

Vi fekk diverre avslag på den søknaden, grunna i at det i den omgangen skulle prioritere fiber frå fylkeskommunen si side. Det førte til at vi året etterpå måtte fremme same søknad, og no fekk vi midlar slik at vi fekk bygd ut både mobil og trådløst nett til dei bygdene. Det var årsaka til at vi ikkje søkte om ein stor pakke for fiber før i 2017, noko som det var full semje om i kommunestyret.

Og i 2017 fekk vi heile 7,1 mill. til utbygging av dei 4 skulebygdene våre. Då dette var oppe i kommunestyret, sa vi at vi ville bruke 4 mill. av eigne midlar for å sjå kor mykje vi vi kan få løyst ut utanom desse bygdene. Vi sende dette ut på anbod, med krav om dei 4 skulebygdene, og der tilbydarane kunne komme med tilleggsområde avgrensa til den summen vi hadde sett av. Vi var spente når anboda kom inn, og det var stor skilnad på dei ulike selskapa. Vi hadde forhandlingsmøte med selskapa, der vi snakka med kvar enkelt av dei om kva del av anbudet dei stod sterkt i, og kva del av anbudet dei stod svakare i. Dette gjekk på t.d. tal einingar og tilknytingsavgift (ikkje geografiske vurderingar). Deretter fekk dei høve til å komme med nye tilbod, og no hadde dei strekt seg svært langt i forhold til første runde.

Når vi no skulle velje ut kven som var best, så måtte vi sjå på kor mange einingar dei løyst ut (hus og bedrifter, hytter har vi ikkje lov til å ta med på grunn av kriterier knytt til det statlege tilskotet) og kven som var billegast i forhold til tilknytingsavgift. Utifrå dei valde kriterier så var det Telenor som kom best ut, dei hadde inga tilknytingsavgift, pluss at dei løyste ut flest einingar. Dei hadde i sitt tilbod med dei 4 skulebygdene pluss ein del tilleggsområde. Dei ulike tilbydarane hadde med ulike tilleggsområde, men vi måtte sjå på kva selskap som kom best ut, og så måtte vi ta den pakken som det selskapet hadde. Difor vart det slik at det var dei tilleggsområda Telenor hadde plukka ut som får fiber i denne runden.

Vi har gjort eit stort hopp opp når det gjeld fiber, ca 80% av husstandene i Gulen får tilgang til fiber i denne utbygginga. Så skjønar eg godt at dei som ikkje kom med denne gongen er skuffa, men eg trur ingen hadde sett for seg at alle i Gulen skulle få fiber i denne runden.

I 2018 vart det ikkje søkt om tilskot, og det er to årsaker til det: Forhandlingane med selskapa på dette anbudet var ikkje ferdig

på søknadstidspunktet, og vi visste såleis ikkje kva bygder vi skulle søke på, og det andre var at vi fekk klare signal frå fylke om at vi ikkje kom til å bli prioriterte i 2018 sidan vi fekk så mykje året før.

Difor må vi no lage ein plan på restområda i Gulen og få inn ein søknad om midlar i søknadsrunder våren 2019. Så får vi krysse fingrane for at vi får midlar i den runden slik at vi kan få løyst ut fiber til så mange som mogeleg i kommunen vår.

Til dykk som har fått tilbod om å knyte dykk til fiber vil eg sei at dette er ei viktig satsing for framtida som de må nytte dykk av.

Budsjettet i kommunen skal vedtakast av kommunestyre den 6. desember. Tildelinga av midlar frå statsbudsjettet er ein auke på 2% frå i fjor, og dette dekkar ikkje opp lønns-og prisveksten, og fører til strammere økonomiske tider for kommunen. Sjølv om vi har fått mykje midlar gjennom havbruksfondet, veit vi ikkje kva som blir utbetalt i framtida, og vi må såleis vere forsiktige med å bruke desse inn i drifta. Men det er eit godt samarbeid i kommunestyre, så eg er trygg på at vi kjem fram til eit godt budsjett for innbyggjarane våre i år også.



Jula nærmar seg, og eg vil få ynskje dykk alle ei God Jul og eit Godt Nytt år.

Mvh
Hallvard Oppedal,
ordførar



Utbygging av fiberbreiband i Gulen



Telenor skal no byggje ut eit framtidsretta fibernet i store delar av Gulen i løpet av 2019, med offentlege tilskot i botn.

Ta kontakt med Telenor snarast om du ligg innanfor utbyggingsområdet (sjå neste side) og er interessert i å tinge eit høgfarts fibertilbod til huset ditt.

Salsansvarleg hos Telenor er Stian Nesjø, tlf. 473 29 211 (epost: stian@n2g.no)
Prosjektleiar hos Telenor er Stian Sollid, tlf. 907 27 123 (epost: Stian.Sollid@telenor.com)

Kart over utbyggingsområda:





Velferdsteknologi i Gulen

kommune



Nordhordlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi

2017 - 2020

TRYGGLEIK * MEISTRING * FRIDOM

Velferdsteknologi nyttar ein om teknologisk assistanse som bidrar til auka tryggleik, og å styrke evna til å klare seg sjølv i kvardagen til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørande. Eit eksempel på velferdsteknologi som allereie vert nytta, er tryggleiksalarm. Velferdsteknologi kan òg vere eit viktig førebyggjande tiltak.

I åra framover vert det større press på helse- og omsorgstenestene grunna bl.a. auka andel av eldre innbyggjarar, og færre innbyggjarar i arbeidsdyktig alder innan helsesektoren. Det vert fleire heimebuande i ein kommune med spreidd busetnad og store avstandar. Dette kan by på utfordringar for denne sektoren i vår kommune. Gulen kommune er no med i eit prosjekt om velferdsteknologi, saman med 10 kommunar i Nordhordlandsregion. Prosjektet kom i gang allereie hausten 2017, og skal vere ferdig desember 2020. Innføring av velferdsteknologi er ein stor prosess, der mange av dei tilsette innan helse- og omsorgstenesta har deltatt på kurs i velferdsteknologi. Dette for å få ei innføring og forståing for kva kommunen jobbar mot.

Hovudmålet med velferdsteknologi i Gulen kommune er å auke tryggleik, meistring og fridom – noko som betyr betre tenester med auka kvalitet til brukarar og for

pårørande, med stor grad av brukarmedverknad.

Ynskjer du å lese meir om prosjektet, gå inn på heimesida på linken under:

<http://nordhordlandsprosjektet.no/>

Ressursgruppa for
Velferdsteknologiprojektet
Gulen kommune

KUNDESIDE GULEN KOMMUNE

Alle som mottok fakturaer frå Gulen kommune skal no kunne logge seg inn på si eiga kundeside under www.gulen.kommune.no, Sjølvbetening og Mi side.

På denne sida kan du sjå dine eigne betalte og ubetalte fakturaer frå kommunen. Du kan søke om betalingsutsetjing og du kan oppdatere kontaktinformasjonen din, epost og tlf.nr. Legg du inn mobiltelefonnummer her, og du ikkje har efaktura eller avtalegiro frå før, kan du få fakturaene tilsendt til Vipps.

Avskjedsgudsteneste

Jens Linde sluttar som sokneprest i Gulen ved årsskiftet. Det vert avskjedsgudsteneste og avskjedsfest på Dalsøyra samfunnshus søndag 6. januar 2019 kl. 11.00. Små og store er hjarteleg velkomne til å verta med for å ta avskjed med Jens som flyttar til Åmli i Aust-Agder for å ta til som sokneprest der.

Soknepreststillinga i Gulen vert lyst ut i desember med tilsetjing i bispedømerådet medio februar.

OPNINGSTIDER I JULA

Ekspedisjonen:

Ekspedisjonen/sentralbordet er ope i romjula frå kl. 10.00-14.00.

Tannklinikken:

Me held stengt 19.12.18-01.01.19 og 04.01.19-14.01.19

God Jul frå oss i Tannhelsetenesta



Nytt frå hukommelses teamet

Etter 10 år har Oddny Trædal slutta i hukommelsesteamet. Ho har gjort ein flott jobb og mange kjem til å sakne ho. Synnøve Gill Bjordal takka ja til å etterfølge Oddny og vi ynskjer ho hjarteleg velkommen. Synnøve startar sitt arbeid i teamet den 19.11.2018.

*Hukommelsesteamet i Gulen
kommune*

Tlf. 41 61 09 72 eller 91 10 41 88

frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00.

Tips til julegåver

I ekspedisjonen har i ei rekkje flotte bøker til sals.

Brekke: Tun og Ætt	kr 550,-
Gulatinget	kr 268,-
Gulatingboka	kr 350,-
Gulen i gammel og ny tid (per bok)	kr 500,-
Gulen i gammel og ny tid I-III	kr 1000,-
Vestlandskunstnaren Mons Breidvik	kr 248,-
Tjuvar, drapsmenn, bønder og Kongar	kr 270,-
Turkart over Gulen	kr 150,-

Du kan også kjøpe «Katinkas jul» som er ein lokalhistorisk skriftserie frå Gulen Fiskarbondemuseum. I dette heftet får du innblikk i Katinka frå Byrknes si julefeiring i 1907. Pris for denne er kr 180,-.

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan også tinge bøker via telefon eller e-post.

Medlemskap i frivillige lag og organisasjonar i Gulen kommune

Me har mange viktige lag og organisasjonar i Gulen kommune! Laga er avhengig av at me alle hugsar å betale medlemskontingent! Difor denne generelle oppmodinga.

Nye bustader på Dalsøyra

Dei nye bustadane på Kjellevold, Dalsøyra til brukarar med særskilte behov er no innflyttingsklare.

Det vert halde eit eige informasjonsmøte for interessentar

Stad: Aktivitetssenteret på Kjellevold

Tid: Onsdag 16. januar 2019 kl. 18.00



Foto: DSB

Brosjyre til alle husstandar om eigenberedskap

Omkring 5. desember vil alle husstandar i landet motta ein brosjyre om eigenberedskap frå DSB (Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap). Brosjyren er ein del av kampanjen "Du er ein del av Noreg sin beredskap", som DSB har utarbeidd saman med Oslo kommune. Målet er å styrke befolkninga si bevisstheit og kunnskap om å ivareta eigen tryggleik ved hendingar og kriser som rammar kritisk infrastruktur.

Det er flere tilhøve som gjer at DSB kjem med eigenberedskapsråd til befolkninga no. Til dømes har klimaendringane bidratt til meir ekstremvær som kan føre til bortfall av

kritisk infrastruktur, som til dømes straum, vatn og mobilnett.

I tillegg har endring i den tryggleikspolitiske situasjonen dei seinare åra har ført til at Noreg no moderniserer totalforsvaret. Auka beredskap i befolkninga – altså korleis kvar enkelt tar vare på seg og sine dersom noko uføresett skulle skje – er ein naturleg del av arbeidet med eit moderne totalforsvar.

Avgjerdsla om å fulldistribuere brosjyra er tatt etter at DSB har fått mange henvendingar frå ulikt hald med ynskje om at brosjyra vert sendt ut til alle husstandar i Noreg.

Gulen kommune oppmodar alle om å lese brosjyra og fylgje dei råd som vert gjevne der.

De kan lese meir om dette på www.sikkerhverdag.no

INFORMASJON OM TELEUTFALL PÅ NORSK, ARABISK, POLSK OG ENGELSK

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute er det viktig at de som innbyggjarane kjenner til at det finst alternativter dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke nødnettet. Nødnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesten og andre aktører med eit nød- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til nødnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordførar, rådmann, og ass. rådmann

I tillegg et det stasjonert eit nødnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik – på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil Gulen kommune informere på heimesida www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfeller gjennom SMS varslng.

البلدية تتعرض لانقطاع كامل لشبكة الاتصالات. وفي الحالات التي ينقطع فيها الاتصال عن طريق الهواتف الأرضية وشبكة الجوال وشبكة النت / الفايبر، فمن المهم أن يكون سكان البلدية على دراية بأن هناك بدائل في المواقع الطارئة التي قد تشكل خطورة على حياة الإنسان وسلامته ويحتاج الناس فيها للمساعدة. وفي مثل هذه المواقع فعادة ما يكون من الممكن استخدام شبكة الطوارئ، وشبكة الطوارئ هي شبكة تأهب مغلقة خاصة بالشرطة والمطافئ والخدمات الصحية والجهات الأخرى التي عليها مسؤوليات في حالات التأهب والطوارئ.

لدى هؤلاء الأشخاص إمكانية استخدام أجهزة شبكة الطوارئ في بلدية "غولين":

طاقم هيئة الإنقاذ والمطافئ
الأطباء

رئيس البلدية والمدير الإداري في البلدية ونائب المدير الإداري بالإضافة لوجود جهاز لشبكة الطوارئ في كل مركز من مراكز السكن والرعاية (في "أيفينديك" - وفي دار "غولين" للمسنين)

-

في حالات الأزمات ستقوم بلدية "غولين" بإعطاء معلومات على صفحة الإنترنت www.gulen.kommune.no وفي الحالات الخاصة سيتم الإخطار عن طريق رسائل نصية SMS.

Tłumaczone z norweskiego

W gminie Gulen zdarza się od czasu do czasu, że w niektórych jej częściach całkowicie zanika łączność telefoniczna.

W sytuacjach, kiedy nie działają telefony stacjonarne, sieć komórkowa ani światłowody/Internet, ważne jest, żebyście wy jako mieszkańcy wiedzieli, że istnieją inne alternatywy, gdybyście znaleźli się w sytuacji zagrożenia zdrowia lub życia i potrzebowali pomocy.

W takich sytuacjach będzie najczęściej nadal możliwe korzystanie z kryzysowej sieci łączności (nødnett). Jest to zamknięta sieć łączności kryzysowej dla policji, straży pożarnej, służby zdrowia i innych instancji odpowiedzialnych za bezpieczeństwo publiczne i w wypadku wystąpienia sytuacji kryzysowych.

W gminie Gulen następujące osoby mają dostęp do sieci łączności kryzysowej:

Personel służb przeciwpożarowych i ratowniczych
Lekarze

Burmistrz, szef administracji gminnej i jego zastępca

Oprócz tego każdy ośrodek mieszkalno-opiekuńczy posiada aparat sieci łączności kryzysowej (w Eivindvik – w domu opieki Gulen sjukeheim)

Przy zdarzeniach kryzysowych gmina Gulen będzie informować mieszkańców o sytuacji na swojej stronie internetowej www.gulen.kommune.no, a w sytuacjach szczególnych - poprzez ostrzegawcze SMS-y.

Emergency Network

In Gulen we occasionally experience that part of the municipality lose telecommunications.

When this happens, it will still be possible to use the Emergency Network if you are in a situation where your life or health is in danger. This network is a closed emergency network that is used by the police, fire department, healthservices, and by a few other people who have a special responsibility in case of an emergency situation.

In Gulen municipality the following groups/people have access to the emergency network:

- Firemen
- Doctors
- Mayor, municipal executive, deputy municipal executive

In addition, you will find one network terminal stationed at each of our senior centers (in Eivindvik – at Gulen sjukeheim)

In case of emergency, Gulen municipality will provide information on the official website www.gulen.kommune.no and in special situations by sending out text messages.